

Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Anne Kristin Rafoss	FA - F05, TI - &88	16/832

Saknr	Utval	Type	Dato
019/2017	Kommunestyret	PS	04.05.2017

Kjøp av private tenester - dagtilbod - ny handsaming

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

I medhald av forvaltningslova § 35 omgjer Masfjorden kommunestyre eige vedtak i sak 081/2016.

Nytt vedtak er:

Masfjorden kommunestyre ber rådmannen om følgje behova for tenester til brukarar med behov for spesielt tilrettelagt dag- og aktiviseringstilbod tett og når rådmannen ser at ein framover ikkje kan dekke desse behova med eigne ressursar, må det utarbeidast ein prisførespurnad med sikte å inngå rammeavtale med private tenesteytarar innan fagfeltet.

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Masfjorden kommunestyret gjorde den 31.10.2016 som sak 081/2016 følgjande vedtak:

Rådmannen tilrår at kommunen utarbeider ein prisførespurnad for kjøp av tenester til brukarar med behov for spesielt tilrettelagt dag- og aktiviseringstilbod, med sikte på å inngå rammeavtale.

Kommunestyrevedtak sitert over vart diskutert i formannskapet 22.03.17 sidan forutsetningane som låg til grunn for vedtaket er endra og det er ikkje lenger behov for å kjøpe tenester til brukarar med behov for spesielt tilrettelagt dag- og aktiviseringstilbod. Formannskapet bad då om at saka vart tatt oppatt i kommunestyret.

Fakta

Forvaltningslova § 35 gjev heimel for eit forvaltningsorgan til å omgjere eige vedtak utan at det er påklagt. Eit av vilkåra for å kunne omgjere eige vedtak er at:

- a. *endringen ikke er tilskade for noen som vedtaket retter seg mot eller direkte tilgodeser*

Innkjøpsregelementet for offentlig innkjøp seier at det for alle innkjøp til ein leverandør over 100 000 skal gjennomførast ein konkurranse. For innkjøp mellom 100 000 og 1.1 mill er det etter regelverket nok å spørje utvalde leverandørar om å gje pris på ein utarbeidd prisførespurnad, mens det for innkjøp over 1.1 mill er krav om at konkurransen skal kunngjerast. Det er anbefalt at alle innkjøp over 500 000 vert kunngjort, men kravet om kunngjering gjeld ikkje absolutt før innkjøpet er over 1.1 mill.

I Masfjorden kommune er mange av brukarene som har behov for tenester med spesielt tilrettelagt dag- og aktiviseringstilbod eldre innbyggjarar i fasen mellom det å kunne bu heime og overflytting til omsorgsbustad eller sjukeheim. For denne gruppa av innbyggjarar endrar behova seg raskt. Masfjorden kommune har godt oppbygde tenester som kan i vareta desse behov for mange av innbyggjarane i denne gruppa, men av og til er det behov for å kjøpe desse tenestene. Slik stoda er no, dekker Masfjorden kommune desse behova med eigne ressurser.

Vurdering

Rådmannen meiner at vilkår i forvaltningslova om å omgjere eige vedtak er tilstades. Vedtak i sak 081/2016 er ikkje rette mot noko firma eller enkeltperson og ei omgjering vil då ikkje vere til skade for nokon. Vedtaket er i realiteten ein instruks til rådmannen om å kjøpe tenester frå private etter rett regelverk. For å kjøpe tenester frå private må det, etter rådmannen si meining, leggest til grunn at det er eit behov for å kjøpe slike tenester.

Rådmannen er klar over at det var eit slikt behov i sommar / haust og at det vart kjøpt tenester frå private som direkteinnkjøp. Hadde kommune forsett å kjøpe desse tenestene, hadde ein fort nådd terkselferdiane i innkjøpsreglementet. Men det vart store endringar i desse behova seinhausten 2016 og kommunen klarer no å dekke desse behova med eigne ressurar.

Konklusjon

Rådmannen rår til at kommunestyre omgjere eige vedtak slik at det først når det vert reelle behov for å kjøpe tenester med spesielt tilrettelagt dag- og aktiviseringstilbod, vert utarbeidd ein prisførespurnad med sikte på å inngå ein rammeavtale.

Kommunestyret - 019/2017

KS - behandling:

Ordførar Karstein Totland (H) orienterte kort og saka vart drøfta.

Torill Torsvik Størkersen (Ap) opprettheld gjeldande vedtak i sak 081/2016.

Arthur Sjursen (Ap) bad om gruppemøte. Møtet vart heva.

Egil Kvingedal (V) viste til vedtak i sak 081/2016 og sette fram følgjande tillegg til vedtak etter gruppeleiar møtet:

med sikte på å inngå / fornye intensjonsavtalen.

Kommunestyret samla jobba fram følgjande framlegg til vedtak:

Vedtak i sak 081/2016 vert oppheva.

Rådmannen vert beden om å gå i dialog med tenestetilbydar Inn på Tunet med formål om å vidareføre intensjonsavtalen som gjeld i dag innafor rammene av driftsbudsjett og reglane for offentlig anskaffelse samt informere om moglegheiter om støtte gjennom kraftfondet.

Framlegg til vedtak jobba fram i møtet vart samrøystes vedteke.

KS - vedtak:

Vedtak i sak 081/2016 vert oppheva.

Rådmannen vert beden om å gå i dialog med tenestetilbydar Inn på Tunet med formål om å vidareføre intensjonsavtalen som gjeld i dag innafor rammene av driftsbudsjett og reglane for offentlig anskaffelse samt informere om moglegheiter om støtte gjennom kraftfondet.